


Ordføreren sitt hjørna – februar 2015



Me blir stadig fleire hemsedøler. Ved årsskiftet var folketalet 2345, ein vekst på 50 siste året. Det er mange unge som vel å busetja seg i bygda. Tilbakemelding frå nokre er at dei valde Hemsedal fordi det er moglegheiter for eit rikt friluftsliv og mange aktivitetar ute i naturen. At det er eit ungt og friskt miljø er også eit pluss. Tilboda i bygda elles er gode. Det går an å bu i Hemsedal og pendle til arbeid andre stadar, seier også nokre. Det er moro å registrere at me veks, men det er også krevjande. Det er opna mange barnehageavdelingar dei siste 10 åra, og det er lagt ned mykje pengar i bustadfelt og infrastruktur. Eit anna tal eg fekk er at det er bygd 175 nye hus og leilegheiter sidan 2001, desidert mest i Hallingdal. SSB sine prognosar er at me skal vera rundt 3500 innbyggjarar om 20 år. Tida vil syne om det slår til.

Det er mange tankar ein må gjera seg for framtida. Kvar skal nye innbyggjarar bu, og vil det vera arbeidsplassar i bygda og i Hallingdal som gjer det mogleg å busette seg her. Nyare forskning syner at bustadkvalitet betyr meir enn nærleik til arbeidsplassen, men arbeidstilbod og busetting heng nok mykje saman likevel. Næringsutvikling er derfor veldig viktig. Kommunen har i eit par års tid arbeidd med framlegg til ny strategisk næringsplan. Den er no lagt ut på høyring, med frist til 20. mars med å koma med innspel. Det har vore deltaking frå grunneigarar og næringsliv undervegs, men det er no eit ferdig framlegg er lagt ut.

Reiselivet er den største næringa, og det er her største grunnlaget for vekst er. Heldigvis har me ikkje eit heilt einssidig næringsliv. Landbruket står sterkt i Hemsedal. Me er den største mjølkekommunen i fylket. Hemsedalsbonden har vore flink til å tilpasse seg nye tider, og det er enno eit sterkt fagmiljø. Det er færre aktive bønder enn for 30 år sidan, men samdrifter og større einingar gjer at all dyrka mark er i bruk. Beitebruken er mykje mindre enn før, og problemet med attgroing ser me år for år. I planframlegget er det målsetting om ein årleg produksjonsvekst på 1% som er lik dei nasjonale føringane, det er lagt vekt på jordvern og tiltak som kan auke beitebruken. Her er småskala- og nisjeproduksjonar med kortreist mat aktuelle satsingar, som passar fint i ei reiselivsbygd.

Hemsedal har mange småskala matprodusentar. Desse er det viktig å ta vare på og legge til rette for vidare utvikling. Hemsedal veksthus er ein viktig samlingsplass for fleire aktørar, og det er viktig å kunne vera i forkant for ein vekst her. Godt breiband og godt vegnett inn i bygda er meir nødvendig enn den vesle hjelpa kommunen greier å gje gjennom næringsfondet vårt, men det er i mange høve eit godt bidrag i ei vanskeleg startfase. Me må også bli flinkare til å sjå kulturen vår som ein styrke for næringsutvikling.

Næringsplanen har ein eigen bolk for «Arealpolitikk for kjerneområdet i Hemsedal». Kjerneområdet er frå Trøym til Røggelia med Skarsnuten og Tinden området. Hemsedal er i dag ein stor kommersiell destinasjon med stor del utanlandske gjester. Det er ca 6300 senger i bookingen i dag. I næringsplanen er det lagt opp til å sikre attraktivt næringsareal, såkalla A-areal, for inntil 15000 senger. Dette er i tråd med innspel frå Turisttraffikklaget og Skistar. Det er nødvendig å tenke langsiktig, for areal utnytta til anna enn næring kan ikkje reverserast. Ski inn / ski ut er viktigaste faktor for kva som er attraktivt areal, men også nærleik til andre aktivitetstilbod teller. Hemsedal kommune ynskjer også å vera ei attraktiv hyttekommune. Det er mykje areal for kalde senger også innafor nemnde regulerte områder, og i Hemsedal elles er det ikkje lagt opp til varme senger i det heile tatt. Her vil utnyttinga vera vanlege privathytter.

Framlegget til næringsplan ligg ute til høyring til 20. mars. Kom med innspel og synspunkt. Det gjeld å finne dei beste løysingane for Hemsedal framover.

Helsing

Oddvar Grøthe, ordførar

(sign.)